

faren	melder	blomstrar
ektemannen	les	storm
kokken	kjøper	oppgåver
spåkona	stel	ein roman
den vesle guten	hoppar	bleie
tjuven	trekker	ei mus
Synnøve, 8 år,	spår	eit eple
katten	snikrar	ein stor gevinst
mora	rettar	ei hytte
bussjåføren	besøker	høyvogna
læraren	heklar	prins
turisten	koker	eit museum
pensjonisten	fangar	ein stor buss
tante Monika	skiftar	eit ullteppe
hesten	leiker	paradis
vêrmeldaren	køyrer	fårikål

Dei raude lappane er subjekt, dei blå lappane er verbal og dei grøne lappane er objekt. Skriv ut dette arket på litt stivt papir, og klipp frå kvarandre.

1. Lag setningar med orda på lappane.
2. Sett inn eit adjektiv i kvar setning, enten i subjektet eller objektet. Hugs å bøye adjektiva. Her er nokre adjektiv du kan bruke, eller du kan finne på nokre sjølv:

grønt	blid	våt	fine
sure	tung	sint	stort
lite	grå	tjukk	skummel
kjempestor	nydeleg	nysgjerrig	kraftig

3. Lag setningane om til spørjesetningar. Korleis blir ordstillinga då?
4. Ein kan også setje til adverbial i setningane. Adverbial fortel om tid, stad, måte eller formål. Her er nokre adverbial:

på babyen	til kona si	i ei stor gryte	inn på låven
over fjellet	i fine fargar	i kjellaren	kvar veke
i skogen	på leike- plassen	med dei andre ungane	på kysten
frå treet	i Oslo	på laurdag	raskt

5. Ta deg ein liten tur ut av klasserommet, og sjå deg om. Lag ei liste med verb og ei med substantiv ut ifrå det du observerer. Lag setningar med orda. Du kan også setje til objekt og /eller adverbial. Marker subjekt med raudt, verbal med blått, objekt med grønt og adverbial med gult.